



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 23/005	Dato:	13.05.2023

Sakshandsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	30.03.2023	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	11.05.2023	vedtak

Revidert økonomiplan for 2023-2026

HANDSAMING:

Tilråding frå brannsjef

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek framlagt økonomi- og handlingsplan for 2023-2026.

Sakshandsaming i styret 30.03.2023

Styret legg fram ein økonomi- og handlingsplan i tråd med bestilling frå representantskapet, ref. vedlegg 1. Styret vil også ut frå ein vurdering av kva som er forsvarleg for drifta av selskap, legge fram ein revidert økonomi- og handlingsplan som tar innover seg dei kostnadar som selskapet har i dag.

Økonomi- og handlingsplan må reviderast i tråd med dei vedtak representantskapet gjer i handsaming i sak om beredskapsanalyse.

For å innfri økonomiplan for perioden 2023-2026 tilrår styret at representantskapet re-etablerar styrande dokument for å få ein klar bestilling på oppgåva styre og administrasjon skal gjera på vegne av eigarkommunane. Dette må på plass i løpet av vår-23 for å kunne innarbeide føringar i budsjettarbeidet for 2024 og økonomiplanperioden 2024-2027.

Inntil dette er på plass, bør ikkje styret iverksette større tiltak som ikkje er reversible utan at eigarane har stadfesta eit nytt formål med Haugaland brann og redning iks.

Styret kan ikkje tilrå revidert økonomi- og handlingsplan som er lagt fram i vedlegg 1 då ein ikkje ser at dette er mogleg å gjennomføre utan vesentlege strukturendringar i selskapet.

Tilråding frå styret vert (samrøystes):

Tilråding frå styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek framlagt økonomi- og handlingsplan for 2023-2026 som vist i vedlegg 2.


SAKSOPPLYSNINGAR:

Revidert økonomiplan må sjåast i samanheng med «styresak 23/021 - budsjett 2023» då budsjettet dannar grunnlaget for økonomiplanperioden.

ØKONOMI

Det er eit krav om at auke i husleige skal dekkast inn gjennom ramma. Følgjande estimat ligg til grunn for husleige i økonomiplanperioden:


	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Faktisk husleige	7 092 526	8 450 549 ¹	15 681 705	15 681 705
Konstant husleige	7 092 526	7 092 526	7 092 526	7 092 526
Avvik	0	1 358 023	8 589 178	8 589 178



Behov for endring i løn som følge av etablering av Raglamyr og Vea²:

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Faktisk lønsbehov	77 708 463	77 628 613	85 219 220	85 219 220
Budsjettert lønsbehov	74 904 942	75 098 411	75 098 411	75 098 411
Avvik	2 803 521*)	2 530 202	10 120 808	10 120 808

*) Året 2023 illustrerer avsetning til bundefond på kr 2,8 millioner som manglende dekning for lønnsmidler.




¹ 40 % av husleiga ved Raglamyr skal dekkast gjennom sjølvkost. Det er estimert inn at Raglamyr og Vea er operativ frå 01.10.2024.

² Det er i all hovudsak Vea som genererer auke i kostnad ut frå husleige som vert fordelt til sjølvkostområdet + brigadeleiarar skal overførast til Raglamyr.

Det er også gjennomført eit nedtrekk på løn ut frå forventningar til effekt av Etne og Suldal sin uttrede, ref. sak 23/011.

I sum kan følgjande vil differanse mellom faktisk kostnad og det som er innsparingskrav visualiserast til:

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Føringer fra eierne - driftstilskudd	-111 850 436	-111 746 237	-112 173 404	-112 554 809
1 % krav om reduksjon	-1 118 504	-1 117 462	-1 121 734	-1 125 548
	-110 731 931	-110 628 775	-111 051 670	-111 429 261
Faktiske driftsbehov	111 850 436	112 123 160	128 373 598	129 014 640
Udekket behov	1 118 504	1 494 386	17 321 928	17 585 379



Det vert lagt fram to versjonar for økonomi- og handlingsplanar:

1. Ein økonomi- og handlingsplan som tek inn over seg dei nedtrekk som eigarane har gjort i budsjettsak 22/020 samt føringar i rammestyninga.
2. Ein økonomi- og handlingsplan som tek inn over seg dei faktiske kostnadane i selskapet er ut frå gjeldande branndokument.

Sistnemnde dokument er utarbeidd for å synleggjere differansen mellom det behov selskapet har for å drifte etter gjeldande branndokument og det som er føringar/forventningar.

VURDERINGAR:

TILTAK I PLANPERIODEN

Budsjettet for 2023 er ikkje forsvarleg for drift av Haugaland brann og redning iks og det vil ikkje vera mogleg å fortsetje drifta med denne rammeforutsetninga. Å innfri gjeldande rammestyning er mogleg, men ikkje utan større konsekvensar. Direkte konsekvensar er mogleg å skildre i saka, men sekundære konsekvensar er vanskelegare å sjå føre seg, men ut frå erfaringar er det likevel mogleg å vurdere desse til ein viss grad.

Moglege vegar vidare for å innfri gjeldande rammestyning:

1. **Selskapsavtala må endrast og nytt mandat må leggjast til styret og administrasjon. Formålet med selskapet må vurderast slik at dette samsvarar med forventningar/økonomi.**

Dersom rapport av 2015 og tiltak som vart tilrådd ikkje kan følgjast opp, må arbeidet starte på nytt og det må gjennomførast ny analyse på korleis eit samarbeid på Haugalandet kan skje på ein kostnadseffektiv måte.

Det er i eigarmøte 3. februar 2023 sagt at formålet med etablering av Haugaland brann og redning iks er å få redusert kostnader til eit minimum. Dette samsvarar ikkje med rapport om eit felles brannvesen frå 2015 som kommunane har lagt til grunn for sine vedtak og fastsetjing av selskapsavtalen. I denne rapporten var eit kostnadseffektivt brannvesen sentralt, eit utgangspunkt som styre og administrasjon har jobba etter.

Eigarane har som nettopp eigarar, høve til å fastsetje strategiar for selskapet. Styringsdokumentet må då endrast og det må vera ein bevisst tilnærming (bestilling) til at ein ønskjer å trappe ned kvalitet og leveranse frå brann- og redningstenesta på Haugalandet. Styret og administrasjonen sin jobb er å innfri det mandat som eigarane set.

Det må likevel seiast at mange tiltak som no er iverksett, er ikkje ein konsekvens av etableringa av Haugaland brann og redning iks. Etableringa av selskapet var for å gjennomføre nettopp desse tiltaka på ein kostnadseffektiv måte saman. Det vil ikkje vera mogleg å bygge 15 stasjonar utan at dette skal ha ein meirkostnad enn tidlegare. Det vil ikkje vera mogleg å kasernere to stasjonar utan at dette har ein meirkostnad. Likevel er det ein uttrykt forventning om at dette skal ha same kostnad som i dag.

2. Stillingar og funksjonar vert redusert under føresetnad av at det er ein forutsigbar plan for nedbemanning i selskapet. Nedbemanninga må innfri 1 %-kravet som er lagt til rammestyringa, auka nedtrekk som følgje av uttrede av Suldal og Etne samt sentral lønsvekst som følgje av høgare deflator enn budsjettet samt krav sett i SFS 2404.

Reduksjon av stillingar og funksjonar kan skje ved:

- a. Reduksjon i leiinga der økonomi-, hms- personaltenester vert dekkja av kapasitet som er i kommunane i dag. Reduksjon i leiinga for beredskap, førebyggjande og brannsjef er ikkje mogleg ut frå lovkrav vil ikkje vera mogleg før dimensjonerande innbyggartal er mindre enn 20 000.
- b. Reduksjon i vaktordningar som er forankra i risiko- og sårbarheitsanalysar. Dette vil svekka beredskapen i dei minste kommunane i selskapet og er ikkje fagleg tilrådeleg. Ein sekundær konsekvens er at dette vil høgst sannsynleg kunne medføre både politisk og administrativ uro.
- c. Det kan innførast tilbod om sluttpakkar. På denne måten vil det kunne gjennomførast tilsetjingar med andre lønsføresetnadar eller stillingar kan haldast vakante inntil den økonomiske situasjonen i kommunane betrar seg.

Det må vere ein aksept i alle eigarkommunane om at tenesta i selskapet ikkje kan innfri gjeldande minstekrav og det må søkast dispensasjon hos Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap om ein vel å ha ein beredskap som er under dei grunnkrava som er sett i lov og forskrift.

Under dette punktet vil me påpeike at det allereie er gjennomført ei nedbemanning som følgje av uttrede av Haugesund, Etne og Suldal. Endringar som følgje av Etne og Suldal sin uttrede samt 1 %-kravet er:

- områdeleiarar er gått frå 3 til 2.
- hms-koordinator er vakant.
- økonomimedarbeider er vakant.
- informasjonskoordinator (50 %) er vakant.

Oppgåvene er flytta over til eksisterande stillingar i selskapet og dette legg eit press på bruk av overtid.

3. Det vert lagt ein plan for redusert beredskap og førebyggjande aktivitet som eigarane forankrar i sine respektive kommunestyre. Dette medfører nedlegging av stasjonar.

Ein økonomi- og handlingsplan kor investeringar for fleire hundre millionar skal dekkast inn gjennom drifta vil ikkje vera mogleg innanfor dei rammene som selskapet har per i dag. Tiltak vil derfor medføre svekka beredskap ut frå at det må leggst ned stasjonar, vaktordningar må opphøyre og tenester må reduserast.

Administrasjonen er innforstått med at det er ein vanskeleg økonomiske situasjonen som er i kommunane og at denne situasjonen ikkje var mogleg å sjå for åtte år sidan. Likevel er det eigarane som må ta eit val på det beredskapsnivå som dei ønskjer.

Å starte eit arbeid med å legge ned stasjonar vil høgst sannsynleg skape uro i selskapet, frå mannskapsnivå til politisk nivå. Denne prosessen bør ikkje administrasjonen starte utan det det er direkte føringar frå eigarane om at dette er nødvendig. Uansett må punkt 1 vera gjennomførast først slik at administrasjon og styre har eit klart mandat.

4. *Det må startast opp aktivitet som gjev inntekt gjennom sal av tenester.*

Dette er eit tiltak som ligg til bestillinga i selskapsavtala. Med knappe ressursar må slike teneste byggast «stein på stein». Det vil derfor ikkje vera dette tiltaket som på kort sikt vil skape det økonomiske handlingsrommet som vert krevd.

Det er starta eit prosjekt frå og med 15.3.2023 for å kartlegge og legge fram eit forslag til eit kompetansesenter for HBR. Det er trekt ut 100 % stilling frå førebyggjande avdeling i ein periode fram til 1.1.2023. Tenester i førebyggjande avdeling må i same periode reduserast tilsvarande.

ØKONOMI VS STILLINGAR OG DRIFT

Det har diverre vore saker til politisk handsaming der formål har vore å legge ned selskapet eller inngå samarbeid med andre kommunar. Også det å stå åleine er for fleire eit reelt alternativ.

Dette er val som kvar kommune må vurdere. I samband med revidert økonomi- og handlingsplan, er det vanskeleg å sjå at dei incentiv og synergjar som låg til grunn for selskapet i 2015, er endra i seinare tid. Kostnadar som i dag har stor vekst for Haugaland brann og redning iks, dei vil eksistere uavhengig av samarbeidspartnarar (husleige, forsikringar, straum, renter og avdrag m.m.).

Ved ei uttreden må stillingar som eigarane i dag samarbeidar om, re-etablerast. Desse stillingane er knytt opp mot innbyggartal og har ei grense på 20 000 innbyggjarar der ein må etablere heile stillingar. Med våre 70 000 innbyggjarar vil kommunane måtte etablere langt fleire leiarstillingar enn det som er tilfelle i dag. Vidare vil det vera krav til overordna vakt uavhengig av storleik på kommunane³.

Eit eksempel på der alle kommunane går attende til kommunale brann- og redningsvesen:

	Overordna vakt i dag	Brannsjefs-vakt	Endring: overordna vakt	Leiarstillingar i dag	Endring: leiarstillingar
Karmøy	4 av 4	5 av 5	4 av 4	400 % + (200 %) ⁴	300 %
Utsira			4 av 4		-
Suldal	4 av 4		4 av 4		57 %
Vindafjord			4 av 4		133 %
Sveio	2 av 4		4 av 4		86 %
Tysvær			4 av 4		171 %
Bokn			4 av 4		13 %
Sum	10		5		28 ⁵

Dersom me ser på dei som faktisk går attende til kommunale brann- og redningsvesen, aukar dei som regel stillingane for å kunne innfri alle oppgåver som ligg til ein stilling/funksjon utover det som er grunnkravet.

Det som er uheldig med å gå ut av selskapet, sett frå eit økonomisk perspektiv, er at felleskostnadar vert fordelt på færre eigarar. Samtidig må uttredande kommunar etablere tilsvarande fellestenester.

VEGEN VIDARE

Ut frå gjeldande styringsdokument er det ikkje mogleg å innfri økonomiplan for 2023-2026 utan selskapet endrar sin ambisjon for leveranse av førebyggjande og beredskapstenester.

³ Nytt forskriftskrav frå og med 2023.

⁴ Adm. leiarar: Det vert forutsett at kommunane tilsaman vil bruke meir enn 2 stillingar på administrative oppgåver.

⁵ Det vil naturlegvis søkast samarbeid for å løyse kravet, men dette viser likevel synergjar av samarbeid.

Dette vil dagleg leiar sterkt tilrå å ikkje gjennomføre då selskapet truleg ikkje vil overleve ein slik prosess. Samstundes vert beredskapen bygd ned og vert svekka.

Det selskapet treng er forutsigbarheit og ein retning som eigarane er samde om.

TILRÅDING

For å innfri økonomiplan for perioden 2023-2026 tilrår ein å re-etablere styrande dokument for å få ein klar bestilling på oppgåva styre og administrasjon skal gjera på vegne av eigarkommunane.

Dette må på plass i løpet av vår-23 for å kunne innarbeide føringar i budsjettarbeidet for 2024 og økonomiplanperioden 2024-2027.

Inntil dette er på plass, bør ikkje styret iverksette større tiltak som ikkje er reversible utan at eigarane har stadfesta eit nytt formål med Haugaland brann og redning iks.

Haugesund, 30.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: 1. revidert økonomi- og handlingsplan 2023-2026 ut frå rammestyring og budsjettvedtak.
 2. revidert økonomi- og handlingsplan 2023-2026 ut frå gjeldande brannordning.

VEDLEGG 1 – revidert økonomi- og handlingsplan 2023-2026 ut frå rammestyring og budsjettvedtak.

	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Driftsinntekter						
Refusjon fra Bokn Kommune	-1 827 987	-1 827 987	-1 849 830	-1 896 784	-1 913 637	-1 921 450
Refusjon fra Karmøy Kommune	-48 465 043	-48 465 043	-48 873 508	-50 161 715	-50 661 713	-50 893 523
Refusjon fra Suldal Kommune	-6 233 279	-6 233 279	-2 619 816	0	0	0
Refusjon fra Sveio Kommune	-6 584 409	-6 584 408	-6 652 536	-6 820 010	-6 885 811	-6 916 319
Refusjon fra Tysvær Kommune	-12 899 603	-12 899 604	-13 020 261	-13 357 454	-13 487 921	-13 548 408
Refusjon fra Utsira Kommune	-463 291	-463 291	-471 500	-482 566	-486 069	-487 693
Refusjon fra Etne Kommune	-5 857 014	-5 857 012	0	0	0	0
Refusjon fra Vindafjord Kommune	-10 714 527	-10 714 527	-10 831 164	-11 100 393	-11 206 433	-11 255 595
Mva kompensasjon	-5 764 915	-6 226 810	-5 765 028	-5 765 028	-5 765 028	-5 765 028
Sykerefusjoner + refusjon av fødselspenger	-935 261	-2 193 580	-1 219 244	-1 219 244	-1 219 244	-1 219 244
Avg.fr.salgs av vare -tjen.gebyr	-5 769 188	-5 100 000	-6 612 903	-6 612 903	-6 612 903	-6 612 903
Gebyr - avg.pl.	-13 820 394	-14 355 485	-13 884 144	-14 279 640	-13 884 144	-13 884 144
Fordeling, refusjon kommune og disp.fond	-50 883	0	-50 500	-50 500	-50 500	-50 500
Sum driftsinntekter	-119 385 793	-120 921 025	-111 850 436	-111 746 237	-112 173 404	-112 554 809
Lønnsutgifter	66 900 484	64 122 782	61 325 429	59 259 606	59 259 606	59 259 606
Sosiale utgifter, pensjon og aga	16 538 665	16 992 883	15 954 960	15 410 731	15 410 731	15 410 731
Styreonorar	404 000	412 800	428 073	428 073	428 073	428 073
Kjøp av varer som inngår i tj.prod.	23 628 776	23 822 713	20 833 801	20 833 801	20 833 802	20 833 802
Kjøp av tj. som erstatter tj.prod.	9 584 194	7 110 489	6 171 102	6 171 102	6 171 102	6 171 102
Kontor, litteratur, kjøp av data/telefon	75 550	136 784	78 578	78 578	78 578	78 578
Medisinsk forbruksmateriell, legetilsyn m.m.	4 676	30 163	0	0	0	0
Beverting og representasjon	411 627	250 736	387 990	387 990	387 990	387 990
Samlepost annet forbruksmateriell, råvarer og tjenester	1 725 167	1 181 032	1 563 670	1 563 670	1 563 670	1 563 670
Samlepost - post, bank, telefon, bredbånd, nødnett	551 893	313 652	400 084	400 084	400 084	400 084
Felles - Annonse, reklame og informasjon	16 759	141 540	94 357	94 357	94 357	94 357
Opplæring kompetanse	1 890 699	1 439 616	935 915	935 915	935 915	935 915
Driftsutgifter bil	3 236 772	3 781 900	2 847 400	2 847 400	2 847 400	2 847 400
Andre driftsutgifter	7 913 144	7 275 422	6 307 994	6 307 994	6 307 994	6 307 994
Energi, strøm og forsikring	442 782	1 550 454	479 632	479 632	479 632	479 632
Husleige	7 556 293	6 997 152	7 092 526	7 092 526	7 092 527	7 092 527
Avgifter, gebyrer og lisenser o.l.	3 757 790	3 485 636	3 433 122	3 433 122	3 433 122	3 433 122
Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	607 888	136 485	492 584	492 584	492 584	492 584
Kjøp, leie og leasing av transportmidler	1 234 157	1 225 710	1 265 236	1 265 236	1 265 236	1 265 236
Driftsavtaler, reparasjoner og service - eksternt	82 567	311 256	70 585	70 585	70 585	70 585
Renhold og vaskeritjenester	163 931	350 971	179 095	179 095	179 095	179 095
Revisjon, regnskap, ikt-tjenester	1 870 224	2 489 627	1 513 027	1 513 027	1 513 027	1 513 027
Kjøp fra kommuner/kjøp fra private	9 584 194	695 640	0	0	0	0
Kjøp fra IKS der kommunen deltar	0	6 414 849	6 171 102	6 171 102	6 171 102	6 171 102
Mva + mva som gir rett på kompensasjon	5 764 915	7 049 614	5 765 028	5 765 028	5 765 028	5 765 028
Tap på kundefordringer	0	0	0	0	0	0
Avskrivninger	6 096 939	4 305 020	6 122 410	6 122 410	6 122 410	6 122 410
Sum driftsutgifter	128 917 972	123 816 301	116 600 804	113 990 753	113 990 754	113 990 754
Brutto driftsresultat	9 532 179	2 895 276	4 750 369	2 244 516	1 817 349	1 435 945
Eksterne finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	-169 915	0	-130 000	0	0	0
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	-169 915	0	-130 000	0	0	0
Eksterne finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	475 360	585 896	975 457	1 100 687	1 234 847	1 361 052
Avdrag på lån	1 524 044	1 741 455	1 843 371	2 072 970	2 320 214	2 575 414
Utlån	0	0	0	0	0	0

Sum eksterne finansutgifter	1 999 404	2 327 351	2 818 828	3 173 657	3 555 061	3 936 466
Resultat eksterne finanstransaksjoner	1 829 489	2 327 351	2 688 828	3 173 657	3 555 061	3 936 466
Motpost avskrivninger	-6 096 939	-4 305 020	-6 122 410	-6 122 410	-6 122 410	-6 122 410
Netto driftsresultat	5 264 730	917 607	1 316 786	-704 238	-750 000	-750 000
Avsetning og bruk av avsetninger						
Til dekn. Av tidl.års regn.messige mer forbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubunde avsetninger dispfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av dispfond	-8 298 065	-939 850	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger fond	-543 453	0	-1 377 572	-45 762	0	0
Bruk av tidl. års regn.messige mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger	-8 841 518	-939 850	-1 377 572	-45 762	0	0
Avsetninger						
Overført til investering	3 576 790	22 242	60 786	750 000	750 000	750 000
Avsatt disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundet fond	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	0	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	3 576 790	22 242	60 786	750 000	750 000	750 000
Merforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0	0	0

Denne økonomi og handlingsplanen viser konstante lønns og husleieutgifter. I tillegg er det lagt inn at vi får lov til å bruke de 2,8 som i utgangspunktet skulle avsettes på fond.

Vedlegg 2 - revidert økonomi- og handlingsplan 2023-2026 ut frå gjeldande brannordning husleie og lønnsutgifter:

	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Driftsinntekter						
Refusjon fra Bokn Kommune	-1 827 987	-1 827 987	-1 849 830	-1 984 539	-2 296 924	-2 305 771
Refusjon fra Karmøy Kommune	-48 465 043	-48 465 043	-48 873 508	-52 765 275	-62 033 268	-62 295 771
Refusjon fra Suldal Kommune	-6 233 279	-6 233 279	-2 619 816	0	0	0
Refusjon fra Sveio Kommune	-6 584 409	-6 584 408	-6 652 536	-7 162 648	-8 382 352	-8 416 898
Refusjon fra Tysvær Kommune	-12 899 603	-12 899 604	-13 020 261	-14 036 815	-16 455 162	-16 523 659
Refusjon fra Utsira Kommune	-463 291	-463 291	-471 500	-500 807	-565 741	-567 580
Refusjon fra Etne Kommune	-5 857 014	-5 857 012	0	0	0	0
Refusjon fra Vindafjord Kommune	-10 714 527	-10 714 527	-10 831 164	-11 652 559	-13 618 124	-13 673 796
Mva kompensasjon	-5 764 915	-6 226 810	-5 765 028	-5 765 028	-5 765 028	-5 765 028
Sykerefusjoner + refusjon av fødselspenger	-935 261	-2 193 580	-1 219 244	-1 219 244	-1 219 244	-1 219 244
Avg.fr.salg av vare -tjen.gebyr	-5 769 188	-5 100 000	-6 612 903	-6 612 903	-6 612 903	-6 612 903
Gebyr - avg.pl.	-13 820 394	-14 355 485	-13 884 144	-13 884 144	-13 884 144	-13 884 144
Fordeling, refusjon kommune og disp.fond	-50 883	0	-50 500	-50 500	-50 500	0
Sum driftsinntekter	-119 385 793	-120 921 025	-111 850 435	-115 634 462	-130 883 391	-131 264 795
Lønnsutgifter						
Lønnsutgifter	66 900 484	64 122 782	61 325 429	61 066 894	66 488 755	66 488 755
Sosiale utgifter, pensjon og aga	16 538 665	16 992 883	15 954 960	16 133 646	18 302 391	18 302 391
Styrehonorar	404 000	412 800	428 073	428 073	428 073	428 073
Kjøp av varer som inngår i tj.prod.	23 628 776	23 822 713	20 833 801	22 191 824	29 422 979	29 422 979
Kjøp av tj. som erstatter tj.prod.	9 584 194	7 110 489	6 171 102	6 171 102	6 171 102	6 171 102
Kontor, litteratur, kjøp av data/telefon	75 550	136 784	78 578	78 578	78 578	78 578
Medisinsk forbruksmateriell, legetilsyn m.m.	4 676	30 163	0	0	0	0
Beverting og representasjon	411 627	250 736	387 990	387 990	387 990	387 990
Samlepost annet forbruksmateriell, råvarer og tjenester	1 725 167	1 181 032	1 563 670	1 563 670	1 563 670	1 563 670
Samlepost - post, bank, telefon, bredbånd, nødnett	551 893	313 652	400 084	400 084	400 084	400 084
Felles - Annonse, reklame og informasjon	16 759	141 540	94 357	94 357	94 357	94 357
Opplæring kompetanse	1 890 699	1 439 616	935 915	935 915	935 915	935 915
Driftsutgifter bil	3 236 772	3 781 900	2 847 400	2 847 400	2 847 400	2 847 400
Andre driftsutgifter	7 913 144	7 275 422	6 307 994	6 307 994	6 307 994	6 307 994
Energi, strøm og forsikring	442 782	1 550 454	479 632	479 632	479 632	479 632
Husleige	7 556 293	6 997 152	7 092 526	8 450 549	15 681 705	15 681 705
Avgifter, gebyrer og lisenser o.l.	3 757 790	3 485 636	3 433 122	3 433 122	3 433 122	3 433 122
Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	607 888	136 485	492 584	492 584	492 584	492 584
Kjøp, leie og leasing av transportmidler	1 234 157	1 225 710	1 265 236	1 265 236	1 265 236	1 265 236
Driftsavtaler, reparasjoner og service - ekstern	82 567	311 256	70 585	70 585	70 585	70 585
Renhold og vaskeritjenester	163 931	350 971	179 095	179 095	179 095	179 095
Revisjon, regnskap, ikt-tjenester	1 870 224	2 489 627	1 513 027	1 513 027	1 513 027	1 513 027
Kjøp fra kommuner	9 584 194	695 640	0	0	0	0
Kjøp fra andre(private)	0	0	0	0	0	0
Kjøp fra IKS der kommunen deltar	0	6 414 849	6 171 102	6 171 102	6 171 102	6 171 102
Mva + mva som gir rett på kompensasjon	5 764 915	7 049 614	5 765 028	5 765 028	5 765 028	5 765 028
Tap på kundefordringer	0	0	0	0	0	0
Avskrivninger	6 096 939	4 305 020	6 122 410	6 122 410	6 122 410	6 122 410
Sum driftsutgifter	128 917 972	123 816 301	116 600 804	117 878 978	132 700 740	132 700 740
Brutto driftsresultat	9 532 179	2 895 276	4 750 370	2 244 516	1 817 349	1 435 944

Eksterne finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	-169 915	0	-130 000	0	0	0
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	-169 915	0	-130 000	0	0	0

Eksterne finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger						
låneomkostninger	475 360	585 896	975 457	1 100 687	1 234 847	1 361 052
Avdrag på lån	1 524 044	1 741 455	1 843 371	2 072 970	2 320 214	2 575 414
Utlån	0	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	1 999 404	2 327 351	2 818 828	3 173 657	3 555 061	3 936 466

Resultat eksterne finanstransaksjoner	1 829 489	2 327 351	2 688 828	3 173 657	3 555 061	3 936 466
--	------------------	------------------	------------------	------------------	------------------	------------------

Motpost avskrivninger	-6 096 939	-4 305 020	-6 122 410	-6 122 410	-6 122 410	-6 122 410
Netto driftsresultat	5 264 730	917 607	1 316 787	- 704 238	-750 000	-750 000

Avsetning og bruk av avsetninger						
Til dekn. Av tidl.års regn.messige mer forbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubunde avsetninger dispfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av dispfond	-8 298 065	-939 850	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger fond	-543 453	0	-1 377 572	-45 762	0	0
Bruk av tidl. års regn.messige mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger	-8 841 518	-939 850	-1 377 572	-45 762	0	0

Avsetninger						
Overført til investering	3 576 790	22 242	60 786	750 000	750 000	750 000
Avsatt disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundet fond	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	0	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	3 576 790	22 242	60 786	750 000	750 000	750 000

Merforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
---------------------------------	----------	----------	----------	----------	----------	----------

Økonomi og handlingsplan 2a) tar med det faktiske behovet for økning av lønn og husleieutgifter som vi vet kommer som følge av Raglamyr og Vea samt endringer ift til pålegg fra AT.